

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 24.05.19

Undergrupper:

- Matrikkel
- Bygg og eigedom
- Veg, vatn og avløp
- Plan, oppmåling og byggjesak
- Brann
- Næring
- Prosjektorganisering
- Ny organisering reinhald

Mål/ visjon for arbeidet:

- Sikra gode tenester til innbyggjarane
- Samordna fag- og tenesteområde
- Finna gode, innovative og effektive driftsformer
- Fokusera på gode digitale løysingar der dette er mogleg

Status for arbeidsgruppa:

Fokusområde, utfordringar, deloppgåver som er avslutta, gevinst, osv..

Det er gjennomført innplassering av tilsette i Granvin i ny organisering i Voss herad.

Planlagde utviklingsaktivitetar (jmfr. styringsdokument)

2 nye prosjekt er under utarbeiding:

1. Samordne alt reinhald i Voss herad i ei ny avdeling knytt til tekniske tenester. Arbeid med organisasjonskart. Infomøte alle reinhaldarar planlagt 17. Og 18.6.på Tinghuset (to datoar for at alle skal kunna møte på ein). Planlegg å lyse etter prosjektleiar som kan gå over i stilling som leiar for reinhaldstenesta når implementeringa skjer.
2. Prosjektavdeling – Arbeidet godt i gang med forventta oppstart ved neste større prosjekt, seinast 1.1.2020. Det er utarbeidd ein prosjektrapport som skildrar korleis arbeidet fram til realisering kan organiserast. Rapporten vert lagt fram for godkjenning før ferien i prosjektgruppa.

Prioriterte oppgaver

Matrikkelen.

Arbeidet med matrikkelen føl oppsett plan og er i rute. Vedlagt eigen rapport frå arbeidsgruppa.

Veg, vatn og avløp

Felles gebyrreglement VA er påbegynt og første framlegg ligg føre. Skal leggjast fram for Fellesnemnda.

Brøytekontraktar går ut i vår, men dei er forlenga til 2020. Ny brøyteinstruk, ny rodeinndeling samt inngåing av nye brøytekontraktar er under arbeid.

Personell er plassert frå Granvin. Gjeldande vaktordningar for VVA i Granvin og Voss har ein valt å halda fram med. Ny felles vaktordning for Voss herad vert først forhandla fram i sommar 2020 når alle er betre kjende med kvarandre sine system.

Arbeid starta med å bli kjent med kvarandre gjennom ymse fellestiltak.

Ein del innmåling av leidningsstrek og kummar VA i Granvin står att og burde vore gjennomført i sommar/haust. Ikkje kapasitet utan at det vert sett inn ekstra folk. Kan vente om det knip.

Plan, oppmåling og byggjesak

Arbeidet er godt i gang, men har ein pause grunna stort arbeidspress for å få fram sentrumsplanen.

Adressering av nye namn der Voss og Granvin har samanfallande adresser, vert lagt ut på høyring i desse dagar.

Viktigaste å prioritera felles gebyrreglement i prosess.

Ny medarbeidar er alt innplassert i team på Voss, men arbeider med oppgaver for begge kommunane.

Brann

Ny brannordning for Voss herad vedteken i fellesnemnda. Innplassering av arbeidstakar frå Granvin i høve ny brannordning avklart. Voss herad er innmeldt i Vest brann- og redningsregion.

Står att Ny gebyrforskrift for feiing- og tilsyn som er klar til handsaming i neste møte i Fellesnemnda. Logoar med heradsvåpen på alle uniformar snart klart.

Bygg og eigedom

Alle kommunale bygg og eigedomar registrert.

Kjøpt inn nytt program for vedlikehold og drift av kommunale bygg og eigedomar – FamacWeb. Alle bygg i Voss kommune er registrert inn, men det er ikkje kapasitet til tilstandsvurdering pr. dato.

Formell overdraging av bygg og eigedomar i Granvin til Voss vert først gjennomført i 2020.

Samkøying av SD-anlegg skal gjennomførast. Organisasjonsplanen ser ut til å endrast litt i høve plassering av vaktmeistrar, men dette vert avklart snarast.

Bustadstiftingar, Voss eigedom AS mm er nok som treng juridisk kompetanse før endeleg avklaring.

Næring

Her er det i hovudsak forskrifter av ymse slag som må justerast. Arbeidet er på gang. Det kan vera aktuelt med noko juridisk bistand.

Ny person frå Granvin inn i gruppa har alt starta opp med ein dag i veka på Voss. Personellmessig er det ei krevjande tid med få personar og fleire politisk aktive medarbeidarar som gjer at arbeidsbelastninga til tider er stor på dei som er att. Det er derfor usikkert om alt vert klart til 2020, men noko av dette kan utsetjast

Risikovurdering av omstillingsprosessen

ROS utarbeidd, men vart ikkje revidert etter planen då siste møtet i teknisk arbeidsgruppe måtte avlysast. Vert gjort i vår.

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda

- Gebyrreglement feiing og tilsyn kjem i juni-møtet (klart til handsaming)
- Felles gebyrreglement for plansaker, byggjesak, oppmåling,
- Brøyteinstruks som grunnlag for nye rodeinndelingar og rammeavtalar brøyting og strøing
- Adressering
- Gebyrreglement Vatn og avløp

Behov for støtte/ hjelp:

Det er avklart bruk av midlar i høve Norkart sitt arbeid med tilrettelegging av programvaren for samanslåing.

Juridisk kompetanse for utarbeiding av nytt gebyrreglement for vatn og avløp er engasjert.

Medverknad frå andre ressurspersonar:

- *Korleis har arbeidsgruppa sikra medverknad frå tillitsvalte og verneombod?*

Tillitsvald Delta og tillitsvald Nito føl arbeidet som deltakarar i prosjektgruppa, likeeins HVO. I prosjektgruppene Reinhald og ny prosjektavdeling, har me og med tillitsvalde og HVO tek del i arbeidet med organisering av reinhald.

Tillitsvalde er ikkje med i undergruppene.

Alle leiarane i undergruppene sit i teknisk arbeidsgruppe.

Informasjon til tilsette:

Korleis har arbeidsgruppa sikra at andre tilsette får informasjon om arbeidet og moglegheit til å kome med innspel?

Arbeidsgruppene har med einingsleiarane og desse rapporterer tilbake til tilsette i sine avdelingar. Vidare rapporterer kommunalsjefen i fredagsorienteringa (tilnærma kvar fredag for alle i landskapet samt i leiargruppemøta på teknisk.

Gevinstrealisering

Er det område ein kan henta ut gevinstar på allereie no. Kva er eventuelt føresetnadane for å realisera dei?

Ingen direkte gevinstreialisering direkte, men på sikt vil det verta noko redusert bemanning ved naturleg avgang.

Reinhaldsprosjektet krev både investering (IT-utstyr og anna utstyr) og ny tilsett leiar ved oppstart, men erfaring tilseier at betre fagleg og organisatorisk styring vil medføre meir effektiv drift som ganske raskt vil gje gevinst.

Vedlegg:

Eigne rapportar frå undergruppene finst, men vert ikkje lagt ved her.